

Samandrag av høyringsuttaler, med kommentarar

Sogn og Fjordane fiskarlag, 09.03.2008:

- 1) *Ynskjer å delta i referansegruppe*

Kommentar: Teke omsyn til, vert også invitert til å sitje i prosjektgruppa

- 2) *Fokuserer på å unngå arealkonfliktar til havs*

Kommentar: Offshore vindkraft er eit satsingsområde, nasjonalt, og vi ser det som viktig å gjere dette synleg i planen. I utgangspunktet vil slike anlegg ligge utanfor det naturleg planområdet, men vi vil likevel ta med arealinteresser til havs under tema "Sjøfart og fiskeri" (sjå kap. 7 i planprogrammet).

Kystverket vest, 10.03.2008:

- 3) *Peikar på aukande press på (bruk av) sjøareal, og at vindkraftutbygging vil medverke ytterlegare til dette*

Kommentar: Sjå merknad nr. 2).

- 4) *Ber om at all type sjøfart vert teke med under tema "Fiskeri og sjøfart"*

Kommentar: Teke omsyn til

- 5) *Har registrert ankringsområde, bi- og hovudleier (kartvedlegg)*

Kommentar: Teke til vitande

- 6) *Ved vurdering av konflikt (knytt til område for vindkraft i sjø); ta omsyn til farleier, navigasjonsinstallasjonar, trafikkovervaking, tryggleik og mulegheit for ferdsel*

Kommentar: Teke omsyn til

- 7) *Meiner at vindkraft ikkje må vere til særleg hinder for skipstrafikken og at når vindkraftanlegg vert etablert så må dei vere godt synlege for skipsfart*

Kommentar: Teke til vitande. Sjå elles merknad nr. 16).

- 8) *Ynskjer delta i referansegruppe og kome med innspel undervegs*

Kommentar: Teke omsyn til

- 9) *Gjer merksam på at kaier, plassering av vindturbinar, legging av sjøkabler m.v. krev løyve frå hamnestyresmaktene, jamfør Havne- og farvannsloven § 6, tredje ledd, og/eller § 18, andre ledd*

Kommentar: Teke til vitande

BKK Nett AS, 11.03.2008:

- 10) *Deltek gjerne i referansegruppe*

Kommentar: Teke omsyn til

- 11) *Viser til tekniske krav, ved tilknytning av kraftverk, og nettkapasitet, som avgjerande ved etablering av ny kraftproduksjon*

Kommentar: Teke til vitande

- 12) *Har utarbeidd "Regional kraftsystemutredning for BKK-området og Indre Hardanger, 2007 – 2022", med omtale av tekniske krav, nettkapasitet og trong for netttiltak pga. nye kraftverk*

Kommentar: Teke til vitande

- 13) *Oppmodar fylkeskommunen om å vurdere om netttiltak, som er relevant for vindkraftverka, bør vere med i planen*

Kommentar: Det er, i fleire uttaler, teke til orde for at planen skal ha nettsterking som eit eige tema. Situasjonen med tanke på nettkapasitet er eit av tilhøva som NVE omtaler ved handsaming av enkeltsaker. Vi vil difor ikkje gå inn på ei inngåande vurdering av dette tilhøvet. Eigarane av "regionalnett" vil bli oppmoda om å lage kvar sine notat om nettsituasjonen og planar for nettsterking (for sine område av Sogn og Fjordane), som vert å legge ved planen.

- 14) *Peikar på at kostnaden for netttiltak, i samband med ny produksjon, vert boren av utbyggjar*

Kommentar: Teke til vitande

Sogn og Fjordane bondelag, 14.03.2008:

- 15) *I hovudsak samd med avgrensing av planområde*

Kommentar: Planområdet er utvida noko, i forhold til, det som var skissert som muleg avgrensing i framlegget som låg ute til offentleg ettersyn, sjå merknad nr. 40).

- 16) *Ynskjer retningsliner som er forstålege, for dei som skal bruke dei, har eit positivt fokus på mulegheiter, og som peikar på konfliktdepande tiltak*

Kommentar: Retningslinene må kome som eit resultat av den kunnskapen som kjem fram i faktadelen. I planprogrammet vil det difor vere misvisande å seie mykje om kva forhold det kan bli aktuelt å gje retningsliner for. Det kan likevel peikast på at detaljer kring vindkraftanlegg som hovudregel må avklarast gjennom regulerings-/detaljplanar (på kommunenivå).

Innspel som går på kva retningsliner høyringsinstansane meiner vil vere tenlege vil vi take fram att når retningslinene skal utformast.

- 17) *Deltek i referansegruppe*

Kommentar: Teke omsyn til

Vågsøy kommune, 14.03.2008:

- 18) *Ynskjer oversiktlege delområde*

Kommentar: Teke til vitande. Vi vil ikkje ta endeleg stilling til avgrensing av delområde i planprogrammet, men avvente til dess vi ser kva verdiar som vert avdekka i ulike delar av planområdet.

- 19) *Har ikkje kunne framskaffa underlagsmateriale, innanfor den korte høyringsfristen, og signaliserer at fylkeskommunen lyt ta ansvar for å skaffe fram det som er ynskjeleg*

Kommentar: Teke til vitande

- 20) *Meiner at planen må vise potensiale for kraftutbygging i heile fylket og kor det er lagt restriksjonar/band som gjer utbygging uaktuelt.*

Kommentar: Vi vil bruke data frå vindatlasen, som NVE har fått utarbeidd, til dette. I tillegg har Vestavind kraft AS sagt at vi kan få ta del i eit vindkart som dei lagar. Verna område vil verte vist på kartmaterialet i planen.

21) Interessert i å delta i referansegruppe

Kommentar: Teke omsyn til

22) Framhevar at det må vere råd og kome med innspel også seinare i prosessen, og at opne møte for næringsliv, organisasjonar og privatpersonar, der det vert gjeve informasjon om planarbeidet, vil stimulere til innspel

Kommentar: Teke omsyn til

23) Viser til nytt alternativ for vindkraftutbygging, Kattavassegga, som høyrer til gardane på Fagerlid og Totaland

Kommentar: Teke til vitande

24) Synspunkt, frå Vågsøy kommune, vil elles bli teke med i prosjektgruppa av ordføraren

Kommentar: Teke til orientering

BKK produksjon AS, 14.03.2008:

25) Meiner det er naudsynt at planen legg til rette for næringsutvikling gjennom å peike på behov for nettsterking, i område med pressa kapasitet, slik som t.d. i Høyanger og Gulen (sørom Sognefjorden)

Kommentar: Sjå merknad13).

Fiskeridirektoratet, Region Vest, 17.03.2008:

26) Har som oppgåve av å ta i vare fiskeri- og oppdrettsomsyn

Kommentar: Teke til vitande

27) Meiner at fiskarane bør ha ein representant i prosjektgruppa

Kommentar: Teke omsyn til

28) Viser elles til Kystverket sin uttale

Kommentar: Teke til vitande

NHO Reiseliv, Vest-Norge, 18.03.2008:

29) Naturen er reiselivet sin viktigaste ressurs, fjordlandskapet og kysten er det som i stor grad trekkjer turistar til landet og det er brei semje om at vestlandsnaturen rett og slett er viktigaste føremon i marknadsføringa av Noreg

Kommentar: Teke til vitande

30) Tapte reiselivsinntekter som følgje av redusert naturverdi bør talfestast, ikkje berre for lokalt reiseliv, men også for nasjonalt/regionalt reiseliv (for noverande og pårekna framtidig reiseliv)

Kommentar: Vi vil gjere vurderingar på overordna nivå og kan ikkje gå inn på talfesting av konsekvensar for enkelt-anlegg/prosjekt, jamfør merknad nr. 58) og 71). Gjennom retningslinene (jamfør merknad nr. 16) kan vi eventuelt påverke sentrale styresmakter til å stille krav til søknader/konsekvensutgreiingar. Konferer merknad nr. 35).

31) *Peiker på at reiseliv er eitt av fem satsingsområde i Soria Moria-erklæringa til regjeringa og at naturoppleving står sentralt i den nye reiselivsstrategien*

Kommentar: Teke til vitande

32) *Viser til at alle vestlandfylka har reiseliv som strategisk satsingsområde i sine fylkesplanar*

Kommentar: Teke til vitande

33) *Krev at planen legg til rette for ei framtidsretta forvaltinga, av det visuelle landskapet, som tek omsyn til reiselivet sine interesser*

Kommentar: Sjå merknad16).

34) *Ynskjer å delta i planprosessen med to personar; regiondirektør Wenche Salthella pluss ein bedriftsrepresentant*

Kommentar: Teke omsyn til

Vestavind kraft AS, 22.03.2008:

35) *Føreset at det vert lagt til rette for ei rimeleg utnytting av vindressursane, til næringsutvikling, og meiner såleis at det bør vere ein "JA-plan"*

Kommentar: Det er komne fleire innspel som framhevar at det er viktig å gjere synleg dei positive sidene ved vindkraft, knytt til klima og næringsutvikling. På den andre sida er det fleire som "generelt" er mot vindkraft, fordi dei ser dei negative sidene som større enn dei positive.

Det er viktig at det i innleiings-/bakgrunnskapittel til planen vert gjort greie for kvifor planen vert utarbeidd (m.a. ynskje om ny fornybar energi, jamfør også fylkesdelplan for arealbruk) og kva avgrensing ein har. Vi legg til grunn ei tilnærming til planarbeidet som er lik den som er skissert i MD/OED sine "Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg". Det vil seie at planen skal brukast til å avdekke konfliktpotensialet, for at vindkraftanlegg skal kunne lokaliserast til dei områda som fører til lågast miljø- og samfunnskostnad per produsert kWh vindkraft.

36) *Finn det avgjerande at planen medverkar til ei fornuftig og rimeleg avveging av relevante omsyn*

Kommentar: Teke til vitande

37) *Dersom kunnskap manglar må det kome fram, og i slik tilfelle skal ikkje planen konkludere m.o.t. konflikt o.l.*

Kommentar: Teke omsyn til, jamfør kap. 7 i planprogrammet.

38) *Bør take utgangspunkt i lokalsamfunna sine interesser (ved konflikt mellom lokale og nasjonale interesser)*

Kommentar: Fylkesdelplanen for vindkraft vil gje retningsliner for korleis regionale og nasjonale verdiar skal takast i vare. Vi legg til grunn at lokale verdiar vert tekne i vare gjennom kommunale planar. Sjå elles merknad16).

39) *Viser til at oversynet over eksisterande vindkraftprosjekt vert misvisande på grunn av varierende storleik, m.v.*

Kommentar: Kart med oversyn over eksisterande/melde vindkraftprosjekt er tatt med i planprogrammet, som underlagsmateriale for avgrensing av planområde. Til dette formålet er

ikkje storleiken på anlegga relevant. I planen kan det verte aktuelt med eit eige kart der også tal møller og storleik på installasjon vert gjort synleg.

40) Ytre deler av Eid og Naustdal bør vere med i planområdet

Kommentar: Teke omsyn til

41) Bør fange opp vindkraftplanar også lenger inne i landet

Kommentar: Avgrensar i denne omgang planen til område med kjende utbyggingsinteresser, på grunn av framdrift/kapasitet. Ei utviding må eventuelt skje gjennom seinare rullering av planen.

42) For å nytte vindkraftpotensialet offshore, til beste for fylket, bør ein vurdere og kartleggje i kva grad, og kor, vi kan tilby støttetenester

Kommentar: Eventuelle støttetenester er ikkje tema i denne planen. Tema for planen er vindkraftutbygging, i samsvar med oppstartvedtak i fylkesutvalet (sak nr. 047/07). Konferer elles merknad nr. 35) og kap. 4 og 7. i planprogrammet.

43) Meiner planen må take høgde for utbygging av småskala vindkraft (jamfør grunneigarsatsing på vasskraftverk)

Kommentar: Må vurderast i samband med utforming av retningsliner, konferer merknad nr. 16).

44) Utviklar vindkart som dei vil stille til disp. for planarbeidet

Kommentar: Er glade for tilbodet, og vil nytte kartet i planen.

45) Deltek i referansegruppe

Kommentar: Teke omsyn til

Sogn og Fjordane turlag, 24.03.2008:

46) På grunn av at vindturbinar vil dominere landskapet langs heile kysten av fylket vert Kystlandskapet fullstendig endra, dersom alle planar om vindkraft i Sogn og Fjordane vert realiserte

Kommentar: Teke til orientering

47) Sogn og Fjordane er eit unikt reisemål nasjonalt og internasjonalt, med fjordane som er kåra til verda sitt fremste reisemål og Hurtigruta som er kåra til verda si vakraste sjøreise

Kommentar: Teke til orientering

48) Meiner at ei årleg milliardinntekt, for reiselivet og andre, kan gå tapt ved utbygging av vindmøller langs kysten av Sogn og Fjordane

Kommentar: Teke til orientering

49) Vindkraft er ei svært ulønsam form for energi, som avheng av omfattande støtte, og enøk er eit mykje meir lønsamt og konfliktfritt bidrag til å løyse klimaproblema

Kommentar: Sjå merknad 35) og konferer merknad 110) og 42).

50) Alle planlagde vindkraftanlegg er i konflikt (mange av dei i sterk konflikt) med friluftslivet

Kommentar: Teke til orientering

51) *Viser til at fleire anlegg er heilt eller delvis i konflikt med RA sine tilrådingar*
Kommentar: Teke til orientering

52) *Vindturbinar er til stor fare for fuglelivet*
Kommentar: Eksisterande kunnskap om fuglelivet, vil bli innarbeidd i planen under tema "biologisk mangfald", sjå planprogrammet kap. 7.

53) *Krev at det vert teke omsyn både til stadbundne fuglar og trekkfuglar, og viser til at det finst mange raudlista fugleartar som kan verte påverka av vindkraftutbygging i fylket*
Kommentar: Sjå merknad 52) og 16).

54) *Peiker på at inngrep som vegbygging, nye kaier og planering vil føre til store inngrep i samband med bygging av vindkraftanlegg*
Kommentar: Teke til orientering

55) *Bygging av kraftliner, i samband med vindkraft, vil i nokre tilfelle, vere svært konfliktfylt*
Kommentar: Teke til orientering

56) *Viser til vindkraftplanar som kjem i konflikt med Florø Lufthamn*
Kommentar: Teke til orientering

57) *Vindkraftanlegg til havs er mindre konfliktfylte, men kan kome i konflikt med fiskefelt og trekkfuglar, kan på den andre side også vere positivt dersom det fører til at fiskefelt vert skjerma for fiske og at overfiske såleis vert hindra*
Kommentar: Teke til orientering

58) *I samband med tema landskap må det takast omsyn til alle typar landskapsinngrep, kor sårbare landskapa er for inngrep og tettstadane og båttrafikken sine "skylines"*
Kommentar: Planen vil ikkje ha hovudfokus på inngrep, då dette i hovudsak må vurderast i samband med enkeltsaker. Omtalen av dei ulike tema i planen (konferer kap. 7 i planprogrammet) vil gå på kva verdiar/kvalitetar som finst innanfor planområdet. Kor sårbart eit landskap er for inngrep er ein kvalitet som vi håpar å kunne omtale under tema "landskap", men vi er ikkje kjent med at det eksisterer registreringar/kartleggingar som omfattar slike vurderingar per i dag. Det betyr at vi er avhengig av å få gjort eigne landskapsvurderingar, i samband med planarbeidet. I planprogrammet har vi sagt følgjande om eventuelt ei eventuell landskapskartlegging: "... .. aktuelt å få gjort landskapsvurderingar av landskapsrom innanfor planområdet (i heile planområde eller eventuelt berre langs dei viktigaste ferdselsårene/farleiene)".

59) *Stadtlandet har stor verdi knytt til kunnskap om plante- og dyreliv, i Noreg, før og under siste istid*
Kommentar: Teke til orientering

60) *Nordsjøløyper er aktuelt underlagsmaterial, for tema friluftsliv*
Kommentar: Nordsjøløypene vil bli vurdert innarbeidd i planen under tema friluftsliv.

61) *I høve reiseliv må ein take omsyn til dei store nasjonale og internasjonale interessene knytte til kystlandskapet*

Kommentar: Dokumenterte store nasjonale og internasjonale interesser vil bli innarbeidd under tema "reiseliv", sjå planprogrammet kap. 7. Konferer elles merknad nr. 16).

62) *I høve støy (og rotorblink) må det også takast omsyn til friluftsområde, reiselivsområde, o.l.*

Kommentar: Sjø merknad 16) og 58).

63) *Nye kraftliner mellom vindkraftanlegga og regionalnettet må takast med i vurderinga av konfliktpotensial (jamfør NVE si handsaming av vindkraft- og vasskraftsaker)*

Kommentar: Sjø merknad 13). Konferer elles merknad nr. 58).

64) *Kart over vindkraftprosjekt er mangelfullt. Alle melde prosjekt må vere med samt at utbyggerane bør gje opplysningar om prosjekt som er under planlegging.*

Kommentar: I planprogrammet vert det ikkje laga oversikt over planar som er på tanke- og idestadiumet, då det er vanskeleg få oversikt over kva område dei ulike utbyggingsaktørane vurderer som aktuelle. Alle prosjekt som er meldt og konsesjonssøkt (til NVE) vert vist i vedlegg til planprogrammet.

Gry og Frode Seim, Kinn, 24.03.2008:

65) *Stiller seg kritisk til satsing på vindkraft, generelt*

Kommentar: Sjø merknad 35).

66) *Meiner at "100 m grensa" i strandlova må gjelde for vindkraftanlegg*

Kommentar: Teke omsyn til, jamfør kap 6. i planprogrammet.

67) *Krev at visualisering av vindkraftanlegg, i form av skisser/fotomontasjar, vert lagt ved meldingar*

Kommentar: Sjø merknad 16).

Fjaler kommune, 25.03.2008:

68) *Viktig at fylket kjem raskt på bana og satsar på vindkraft både på land og til havs*

Kommentar: Teke til orientering. Konferer merknad nr. 2).

69) *Fokusere på mulegheiter i staden for å bli ein "nei-plan"*

Kommentar: Sjø merknad 35).

70) *Prosjekt som er meldt og avklart (som "konfliktfri") gjennom kommunale planar bør kunne handsamast uavhengig av planprosessen*

Kommentar: Vedteke/gjeldande planar vil ikkje bli påverka av planarbeidet.

71) *Planen bør vekte lokalsamfunna sine interesser tyngst (ved ev. konflikt mellom nasjonale og lokale interesser)*

Kommentar: Sjø merknad 38). Enkeltprosjekt skal ikkje vurderast i planen, konferer merknad nr. 58). I planen vil det heller ikkje bli etablert ja- og/eller nei-område, konferer merknad nr. 35). Det må elles presiserast at endeleg avgjer om enkeltsøknader, også etter at planen er godkjend, skal skje gjennom NVE si ordinær konsesjonshandsaming

72) *Ordførar Arve Helle er medlem i prosjektgruppa og tek, i sitt arbeid i gruppa, med seg Fjaler sine synspunkt*
Kommentar: Teke til orientering

Anne-Marie Gåsvær Færøy, 25.03.2008:

73) *Sjølvsendig næringsdrivande innan gardsdrift og turisme, vil vere med i referansegruppe*
Kommentar: Teke omsyn til

Agder Energi produksjon AS, 26.03.2008:

74) *Fylkesdelplan (fdp) for arealbruk må ligge til grunn for arbeidet med fdp for vindkraft*
Kommentar: Politikken som er fastsett, m.o.t. vindkraft, i fdp for arealbruk, vil verte avløyst av den nye planen. Fdp for arealbruk tener sjølvsagt som bakgrunn for den nye fdp'en, men det er ikkje sikkert at alle vindkraftområde, som er peika på der, framleis vert å rekne som eigna, eller at alle retningslinene i den vert ståande fast. I den komande prosessen må vi sjølvsagt vere open for ny kunnskap, som kan føre til at vi endrar syn, og vi kan ikkje dra konklusjonar på førehand, jamfør merknad nr. 16).

75) *Underlagsmateriale og kunnskap må vere tilgjengeleg for alle*
Kommentar: Teke omsyn til

Møre og Romsdal fylkeskommune, 26.03.2008:

76) *Stadlandet har eineståande landskapsformer i europeisk samanheng og store verdiar i kulturminne og raudlistearter, som M&R ser nytte i å ta vare på*
Kommentar: Teke til orientering

77) *Grenseområda mot Sogn og Fjordane bør haldast fri for vindkraftanlegg*
Kommentar: Sjå merknad nr. 16) og 35).

78) *Medverkar gjerne med tematisk informasjon*
Kommentar: Teke til vitande

79) *Ynskjer opplysningar om kven som er rekna som relevante deltakarar i referansegruppe*
Kommentar: Teke omsyn til

80) *Ein meir konkret framdriftsplan, t.d. kvar og når det vert opne møter*
Kommentar: Opne møter vert i samband med høyring, sjå kap. 5 i planprogrammet. Utover dette må framdrifta konkretiserast i høve til dei ulike fasane i planarbeidet, og det er vanskeleg å lage eit detaljert framdriftsplan på førehand. Informasjon vil bli sendt ut etterkvart som planarbeidet går framover.

Flora kommune, 28.03.2008:

81) *Svært nøgd med at arbeidet er sett i gang: Utvilsamt rett å planlegge for vindkraft over store geografiske område, også utover fylkesgrensene.*
Kommentar: Teke til orientering

82) *Må også ha mål å samle kunnskap om lokale verdiar, lokale prioriteringar/interesser som er viktig for konfliktpotensial*
Kommentar: Sjå merknad nr. 38).

83) *Gjer framlegg om å ta inn akvakultur som eit tema i planen*

Kommentar: Vurderer akvakultur som ei interesse kommunane lyt take i vare gjennom sitt planarbeid, jamfør merknad nr 38), og som ikkje er relevant for fylkesdelplan for vindkraft.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 28.03.2008:

84) *Bør gje eit systematisk og kartfesta oversyn over dei relevante arealverdiane/ brukarinteressene, som tener til generell opplysning for både utbyggjarar, partsinteressar og folk flest*

Kommentar: Teke omsyn til

85) *Naturverdiar i sjø bør vere med*

Kommentar: Teke omsyn til

86) *Mål om å identifisere konfliktbilde i kvart delområde, viktigast å avdekke kor det er store og svært store konflikter*

Kommentar: Teke omsyn til

87) *Dempende tiltak er ikkje aktuelt tema i planen, det må takst på prosjektnivå*

Kommentar: Teke omsyn til, konferer elles merknad nr. 16)

88) *Fdp for vindkraft i Rogaland er ein velegna mal*

Kommentar: Teke til orientering

89) *Visuelle verknader er sentrale og må kome tydeleg fram*

Kommentar: Sjå merknad nr. 58).

90) *Gradering av konfliktnivå på vanleg måte: Svært stort, stort, middels, lite*

Kommentar: I planprogrammet er det sagt at konfliktpotensiale skal vurderast (kap. 8), men det er ikkje teke endeleg stilling til korleis ein skal gradere konfliktpotensialet. Konfliktnivå skal elles vurderast gjennom ordinær konsesjonshandsaming av enkeltprosjekt (konferer merknad nr. 71), på vanleg måte.

91) *Bør kome fram kor kunnskap manglar*

Kommentar: Teke omsyn til

92) *Går i mot å bruke omgrepet "akseptabelt konfliktpotensiale", men ynskje gjerne "ja- og nei-område"*

Kommentar: Sjå merknad nr. 90) og 35).

93) *Kor mykje vindkraft som er muleg å godta, er eit spørsmål om kor store konflikter dette skaper*

Kommentar: Teke til orientering. Konferer også kap. 8 i planprogrammet.

94) *Innhaldet i planen må vere etterprøveleg og vegen frå opplysningar til konklusjon må vere tydeleg for lesarane*

Kommentar: Teke til orientering

95) *Ny kunnskap må lett kunne innarbeidast i planen*

Kommentar: Teke omsyn til

96) *Konflikter knytt til nettforsterking må vere med i planen*
Kommentar: Sjå merknad nr. 13) og 58).

97) *Krev vindkraftutbygging nye kraftlinjer, så må det kome tydeleg fram*
Kommentar: Teke omsyn til. Konferer merknad nr. 13.)

98) *Interesserte i å vere med i referansegruppa*
Kommentar: Teke omsyn til

Natur og ungdom og Zero, 20.03.2008:

99) *Klima og miljø talar for at behovet for vindkraft er stort*
Kommentar: Teke til orientering

100) *Sogn og Fjordane har stort potensiale for vindkraft og planen må difor legge til rette for monaleg vindkraftproduksjon*
Kommentar: Sjå merknad nr. 16) og 35).

101) *Skilje mellom reversible og irreversible konsekvensar, slik at berre dei irreversible vert tillagt særleg vekt*
Kommentar: Sjå merknad nr. og 58). Konferer merknad nr. 16) og 71).

102) *Landskapsomsyn skal ikkje vere avgjerande og ein må kunne bygge vindkraftanlegg nær opptil landskapsverneområde*
Kommentar: Sjå merknad nr. 16).

103) *Verna område er uaktuelle for vindkraft*
Kommentar: Teke omsyn til

104) *Ved plassering av vindturbinar er det rett å ta omsyn til det fysiske kulturminne, men ein treng ikkje ta omsyn til om eventuelle turbinar blir synlege frå kulturminnet*
Kommentar: Sjå merknad nr. 16).

105) *Skjulte kulturminne er ikkje eit avgjerande moment imot utbygging*
Kommentar: Sjå merknad nr. 16).

106) *Konflikt med truga artar og naturtypar skal leggjast vekt på*
Kommentar: Truga artar og naturtypar vil verte omtalte under tema "biologisk mangfald" (sjå planprogrammet kap. 7). Konferer elles merknad nr. 16).

107) *Konflikt med friluftslivsinteresser skal leggjast vekt på berre dersom vindkraftanlegget fysisk vert lagt innanfor viktige friluftsområde*
Kommentar: Sjå merknad nr. 16).

108) *Reiseliv er ikkje eit omsyn som treng spesielt omsyn*
Kommentar: Reiseliv er teke inn som eit eige tema i planen, i samsvar med MD/OED sine "Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg". Sjå elles merknad nr. 16).

109) *Positive konsekvensar av vindkraft, som næringsutvikling og sysselsetjing, må utgreiast*

Kommentar: Teke omsyn til, jamfør kap. 4 i planprogrammet. Konferer merknad nr. 30) og 35).

110) *Planen bør sjå på klimagassutslepp i Sogn og Fjordane*

Kommentar: Dette finn vi lite aktuelt, spesielt med tanke på at fylkeskommunen arbeider med ein eigen fylkesdelplan for klima og miljø.

111) *Konsesjonssystemet skal endeleg avgjere kor det vert gjeve løyve til vindkraftutbygging, og område med stort konfliktpotensial kan følgjeleg ikkje vere absolutte "nei-område"*

Kommentar: Teke omsyn til, konferer merknad nr. 71).

Riksantikvaren (RA), 11.04.2008:

112) *Positive til landskap som sentralt utgreiingstema og vurdering av potensiale for funn av kulturminne*

Kommentar: Teke til vitande

113) *Vurderingar om potensiale for funn av kulturminne er også aktuelt i havområda*

Kommentar: Teke til vitande

114) *Positive til vurdering av indirekte effektar av vindkraftutbygging på kulturminne*

Kommentar: Teke til vitande

115) *Inndeling av område etter konfliktpotensial kan gje ein robust plan m.o.t. handtering av nye prosjekt*

Kommentar: Teke til orientering

116) *Interessert i å vere med i referansegruppe og tenkjer seg særleg å kunne bidra med kunnskap innanfor tema landskap og kulturminne*

Kommentar: Teke omsyn til

117) *Viser til metodeutviklingsprosjekt for landskap i konsekvensutgreiingar og prosjekt om metodar for visualisering av sumverknader på landskap, som RA og Direktoratet for naturforvaltning arbeider med*

Kommentar: Teke til vitande